


Plan for rekruttering Nelfo Sogn og Fjordane 2023-24

Bakgrunn:

Nelfo sine medlemsbedrifter har stort behov for rekruttering til sine fag. Det er størst etterspurnad etter faglært arbeidskraft i Elektrikarfaget. I åra 2019 til 2021 ser vi tendens til ein nedgang i talet elektrikarlærlingar. Hausten 2022 vart det utarbeida rekrutteringsplan. Vi ser vi ein liten oppgang i dette faget siste år. Rekrutteringsplanen skal hjelpe til med å systematisere og innsatsen på rekruttering i alle elektrofaga.



Overordna mål:

Få flest moglege til å velje rett og helst eit av elektrofaga i vidaregåande utdanning.

Målgruppe:

- Elevar i ungdomskulen.8,9-10 trinn.
- Elevar på vg1 og vg2, elektrofag.

Tiltak:

- Praktisk tilnærming, med fysisk øving for å stimulere interesse og gjere rett val på bakgrunn av inntresse.
- Informasjon og yrkesretteiing.

Plan for gjennomføring ungdomskulane

Øvingsbrett klassesett 15stk/pr fagsegment totalt 45.

Læremål: Terminering, bruk av verktøy, avmantling. Lære å koble opp etter skjema og få det til å virke.

Elektrikar: Boksar og rør for stikk, bryter og lampepunkt.

Automasjon: Kontaktorstyring med start/stopp knapper og motor.

Data og elektronikk: Bokser og rør for uttak Rj45, router for test og oppsett av nettverk.

HMS: Øvingsbrett elektriker og automasjon strømforsynast via plugg frå medfølgande trafo med 24v spenning.

Organisering:

- Øvingsbrett produserast av vg1/vg2 klassane på dei vidaregåande skulane.
- Dokumentasjon med koblingskjema og evt.instruksjonsvideo utarbeidast.
- Plan for ansvar og besøksplan blir utarbeidd av Nelfo/opplæringskontoret.
- Ungdomskulane blir tilbydd 4.timer økt/klasse.
- Undervisning til ungdomskuleelevane blir gjeve av ein eller fleire lærlingar frå lokal medlemsbedrift, med støtte frå bedrifta og opplæringskontoret.



Rekrutteringsdag hos Josvanger elektro



På uttæn til reodorklubben i Breim, Sandane dagane.



Jentene er interessert i elektro, på Vågsøy ungdomskule

Oppgåvefordeling

SOGN			
Kommune	Skule	Bedrift	Nelfo/OFEL
Lærdal	Lærdalsøyri skule	2tal elektro	Bjarte
Aurland	Aurland Barne og ungdomsskule	Aurland elektriske	Bjarte
Sogndal	Leikanger ungdomsskule	Caverion	Bjarte
Årdal	Farnes skule	Caverion	Bjarte
Årdal	Tangen skule	Elektromontasje	Bjarte
Sogndal	Kvåle skule	Holen inst	Bjarte
Vik	Feios skule	Holen inst	Bjarte
Vik	Flatbygdi skule	Holen inst	Bjarte
Luster	Hafslo barne- og ungdomsskule	Josvanger	Bjarte
Sogndal	Kaupanger skule	Josvanger	Bjarte
Sogndal	Sagatun skule	Josvanger	Bjarte
Luster	Luster ungdomsskule	Luster energi	Bjarte

YTRE SOGN			
Kommune	Skule	Bedrift	Nelfo
Gulen	Brekke skule	Hafs	Lisa
Gulen	Byrknes skule	Hafs	Lisa
Gulen	Dalsøyra skule	Hafs	Lisa
Gulen	Eivindvik skule	Hafs	Lisa
Høyanger	Høyanger skule	Caverion	Lisa
Høyanger	Bjordal skule	Caverion	Lisa
Høyanger	Lavik skule	YS-elektro	Lisa
Solund	Solund barne- og ungdomsskule	Hafs	Lisa

SUNNFJORD			
Kommune	Skule	Bedrift	Nelfo
Askvoll	Askvoll Skule	Holmedal el	Øystein
Askvoll	Bulandet Skule	Holmedal el	Øystein
Askvoll	Gjelsvik skule	Holmedal el	Øystein
Bremanger	Davik Oppvekst	NBN	Øystein
Bremanger	Hauge oppvekst	Kinn elektro	Øystein
Bremanger	Svelgen oppvekst	Ferstad inst.	Øystein

Fjaler	Fjaler ungdomskule	YS-elektro	Øystein
Fjaler	Våge Skule	Bravida	Øystein
Sunnfjord K	Førde ungdomsskule	Caverion	Øystein
Sunnfjord K	Halbrend skule	Bravida	Øystein
Sunnfjord K	Naustdal skule	NBN Naustdal	Øystein
Sunnfjord K	Skei skule	Vestland el	Øystein
Sunnfjord K	Vassenden skule	Henden elektro	Øystein
Sunnfjord K	Sande skule	Sunnfjord elektr	Øystein
Sunnfjord K	Viksdalen skule	Caverion	Øystein
Hyllestad	Hyllestad Skule	YS-elektro	Øystein
Kinn	Florø ungdomsskule	Fokus	Øystein
Kinn	Eikefjord barne- og ungdomsskule	Eikefjord elektro	Øystein

NORDFJORD			
Kommune	Skule	Bedrift	Nelfo
Stad	Eid ungdomskule	Eid elektro	Lisa
Stad	Selje skule	Paneda	Lisa
Stad	Stadlandet skule	Ulvesund elektro	Lisa
Gloppen	Hyen Skule	Firda el	Lisa
Gloppen	Gloppen ungdomskule	Henden elektro	Lisa
Hornindal	Hornindal skule	Løflo inst.	Lisa
Stryn	Olden skule	Øvreberg	Lisa
Stryn	Stryn ungdomsskule	Seas	Lisa
Kinn	Vågsøy ungdomsskule	Sætren AS	Lisa

Gjennomføringsrutine:

Opplegg med øvingsbrett gjennomførast i veke 22-24 mai/juni.

Bedrifta gjer avtale med skulen direkte for å avtale tid som høver.

Kontaktperson i OFEL/Nelfo føl opp bedrifta mtp, utstyr, avtaler eller anna hjelp/ behov.

Undervisningskit:

Kontainer med øvingsbrett 3x5.

- Oppgåve
- Koblingskjema
- Verktøy
- Forbruksmatriell
- Undervisningsvideo
- Bransje og yrkesvalinformasjon PP

Plan for gjennomføring vidaregåande skular

Besøke klassane på elektrofag:

Målgruppe: Vgs

Tidspunkt: Medio januar

Mål for besøk: Orienterer om yrkesval for vg1 og førebuing og muligheter for læreplass etter vg2 / vg3.

Opplæringskontoret / Nelfo gjennomfører besøk i alle klassar i vidaregåande skule i hht liste.

Skule	Vg1	Vg2	Vg2	Vg3	Vg2	Vg3
	Elektro og datatekn	Elenergi og Ekom	Aut	Aut	Dat og el	Dat og el
Årdal vgs	1		1	1		
Sogndal	2	1			1	1
Førde	2	1			1	
Florø	2	1 (2)				
Høyanger	1	1				
Eid	2	1	1	1	1	1

Open dag vgs:

Målgruppe: 10 klasse med foreldre

Tidspunkt: Medio januar

Dei vidaregåande skulane gjennomfører «open dag» Tidspunkt for desse arrangementa er som regel tidsfesta til medio januar. Her deltek Nelfo/Ofel med informasjon, gjerne i samarbeid med medlemsbedrift og ein lærling.

Lokale rekrutteringsarrangement i regi av næringsliv og næringsorganisasjonar:

Målgruppe: 10 klasse med foreldre

Tidspunkt: Medio november

Nelfo vil bidra på førespurnad på lokale arrangement, og vil jobbe for at lokale tiltak for rekruttering blir koordinerte så godt som mogeleg. Det primære her må likevel vere at det lokale næringslivet får vist seg fram for målgruppa.

Annonsering og SOME

Nelfo og OFEL styrer målretta kampanje for rekruttering i sosiale medium, Facebook, Instagram og Tiktok. Frå medio januar til 1.mars.

Årshjul

Månad	Tiltak	Involverte
Januar	Open dag vgs	Nelfo/OFEL
Februar	Annonsekampanje SOME	Nelfo/OFEL
Mars	Veke 11. yrkesval hospitering vgs 9.kl	Vidaregåande skular
Mai	Praktisk øving u-skular 8-9kl	Bedrifter Nelfo
Juni	Praktisk øving u-skular 8-9kl	Bedrifter Nelfo
Oktober	Veke 44. yrkesval hospitering vgs 10.kl	Vidaregåande skular
November	Yrkesorientering 10 kl. m.foreldre	Lokalt næringsliv/Nelfo

Rekruttering gjennom full opplæring i bedrift FOB, alternativt læreløp.

Ein relativ stor andel av dei som søker vg1 elektrofag som førsteval får ikkje tilbod om skuleplass. Nelfo ønskjer at denne målgruppa skal få tilbod om full opplæring i bedrift for å tilfredstille auka behov for lærlingar. OFEL etablerer og marknadsfører tilbodet.

Hospitering DEMOMP-Y som rekrutteringskanal

Bedriftene kan søke om hospitering i vidaregåande opplæring gjennom ordninga «**desentralisert kompetanseutvikling**». Opplæringa av fagarbeidarar skjer både i skule og lærebedrift, og samarbeidet mellom skulen og arbeidslivet er derfor avgjerande når ein skal utdanne gode fagarbeidarar.

Mål for hospitering:

- auke kompetansen i rolla som instruktør
- styrke samarbeid skule- arbeidsliv
- sjå opplæringa i eit fireårig løp

Samarbeidet aukar moglegheitene for at fleire elevar og lærlingar skal kunne ta aktiv del i opplæringa si og fullføre fram til fag/sveineprøve. For instruktørar/faglege leiarar som jobbar med lærlingar eller utplasseringselevar i verksemda, kan hospitering på ein skule gi nyttig innblikk i korleis elevane jobbar i skulen. Den som hospiterer kan knytte kontakt med lærarar innan faget sitt og dele kunnskap og kompetanse, og på den måten utvikle gode nettverk.

Søkbar ordning: Hospitering minimum 5.dagar kompensert med kr 3500/dag

Sekundæreffekt for rekruttering: Hospitanten frå bedrifta kan skape relasjon med skulen sine elevar på utdanningsprogrammet med tanke på rekruttering.

Generelt

Avtaler med bedrift og lærling i samband med lærekontrakter:

I avtalene med medlemsbedriftene og lærlingane vil det bli lagt til følgjande punkt:

I opplæringsavtalene med medlemsbedriftene:

11. Legge til rette for at lærlingen kan delta på enkle oppdrag for rekruttering til faget/bransjen.

I oppstartssamtale og informasjon til lærlingen:

14 Lærlingen må vere førebudd på å delta i enkle oppdrag for rekruttering til faget/bransjen.

Tankar om rekruttering:

Dei siste åra syner det seg at fleire har søkt lære plass i våre fag etter fullført vidaregåande studieførebuande. Potensialet i denne gruppa er udokumentert. Men det kan vise seg at fleire er interesserte etter nokre år i «tenketanken» på studiespesialiserande. Eg vil tru at denne gruppa med ungdommar er meir vaksne og kan gå raskare inn i produksjon i bedriftene enn dei med normallop. Læretida vil vere 4 år for desse kandidatane (fråtrekk ½år for stud.spes)

Studiespesialisering og påbygg:

Som eit forsøk vil Nelfo legge opp til å besøke påbyggklassane på hausten og studiespesklassane 3.år for å kartlegge potensiale blant elevane for eit omval til elektrofaga.